


IT-STRATEGI

Gode og kostnadseffektive tenester



SATSINGSOMRÅDE



IT styring og organisering



Digitale tenester med brukaren i sentrum




IKT arkitektur og infrastruktur



Prosjekt og porteføljestyling



Personvern, informasjons-tryggleik og kvalitet



Enkelt for tilsette
å gjere ein god jobb

OVERORDNA MÅL OG STYRING FOR ALLE SATSINGSOMRÅDA

Vi må samarbeide meir om digitale løysingar, og ikkje finne opp dei same løysingane kvar for oss. Gjennom KS og fleire andre initiativ mellom både kommunar og fylkeskommunar eksisterer det i dag ei betydelig delingsvilje. Hordaland fylkeskommune deltek aktivt på fleire av desse arenaene, og det er ei målsetting å stimulere og vidareutvikle dette arbeidet.



IT-STYRING OG ORGANISERING

Vi skal ha ei koordinert og god styring og forvaltning av IT-system. Kontinuerleg vurdering av IT-organiseringa saman med etablering av tenestekatalog og –avtalar skal sikre effektiv ressursutnytting mot behovsretta tenester.



DIGITALE TENESTER MED BRUKAREN I SENTRUM

Med digitale tenester meiner vi at gode digitale verktøy og løysingar blir tekne i bruk for å erstatte manuelle prosessar via eksempelvis brev, telefon eller fysisk oppmøte. Berre nødvendige skjema vil bli vidareførte. Å setje brukaren i sentrum inneber at brukarane sine behov skal vere det sentrale utgangspunktet i arbeidet med utvikling av nye tenester og digitalisering av offentleg sektor. Med brukaren meiner ein her innbyggjarar, tilsette, elevar, folkevalte, offentlege og private verksemdar. Tenestene frå HFK skal stå fram som samanhengande og heilskaplege for brukarane.



IKT ARKITEKTUR OG INFRASTRUKTUR

Vi skal sikre stabile rammebetingelsar for IKT ved solid og stabil infrastruktur med god kapasitet i tråd med avtalar med fagavdelingane. Vi skal så langt mogeleg søke å gjenbruke offentlege data, nytte felleskomponentar, standardisere og integrere.



PROSJEKT OG PORTEFØLJESTYRING

Alle fylkeskommunens føreslegne, vedtekne og pågåande IT prosjekt og program skal samlast i ei felles porteføljestyring for utveljing, prioritering og gjennomføring. Fylkeskommunen skal jobbe med å redusere kompleksitet og risiko i sine digitaliseringsprosjekt, og legg regjeringa sine prinsipp for digitaliseringsprosjekt til grunn i dette arbeidet. Vi skal etablere metodikk og verktøystøtte for porteføljestyring og som følgjer Difi sin systematikk.



PERSONVERN, INFORMASJONSTRYGGLEIK OG KVALITET

Informasjonstryggleik og kvalitet skal vere ein integrert del av utviklinga og bruken av IKT. Det skal berre verte behandla personopplysningar som er nødvendige og som vert verna i samsvar med regulatoriske krav inklusive EUs kommande personvernforordning GDPR. Leiings- / internkontrollsystem for styring av tryggleik og kvalitet skal sikre måloppnåing og personvern.